



Møtereferat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kommunestyresalen endra til Teams
Dato: Torsdag 18.03.2021
Tid: Kl. 18.30-20.40
Ord for dagen: Herman Inge

Deltakarar:

	Funksjon	Møtt/Forfall
Svein Lunde	leiar	X
Wenche Andersen Helland	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	X
Anne Marie Røed	medlem	X
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	X
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	X
Roald Drønen	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	X
Jostein Skram	1. vara	X
Karin Marie Korsvik	2. vara	X
Jan Overweg	kyrkjeverje	X

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/16	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/17	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 18.02.2021	x
2021/18		Orientering frå kyrkjevevja om arbeidet i soknet	x
2021/19		Konfirmasjonsgudstenester 2021	
2021/20		Lokal grunnordning for gudsteneste	
2021/21		Årsrapport 2020	x
2021/22		Open post	

Sak 2021/09 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Godkjent

Sak 2021/17 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 18. februar 2021 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 18. februar 2021.

Sak 2021/18 Orientering om arbeidet i soknet

Kyrkjevevje:

- Det er framleis ein god gjeng som jobbar godt saman.
- Kontoret har hittil vore ope nærmast kvar dag
- Framleis pandemien og smittevernreglar som stadig blir endra. Me fekk ha 3 gudstenester med plass til ca 50 og det har vore oppløftande for oss som var med. No er det bomstop igjen
- Det blir krevjande arbeid med planlegging og gjennomføring av Påsegudstenestene. Det er andre året på rad med tomme kyrkjer i påska - og akkurat det kjennest tungt nett no.
- Kyrkjelege handlingar: Hittil i år har det vore 1 vigsel, 4 dåp, 5 gravferd
- Randi har hatt babysong og konfirmantar. Har jobba med familiegudstenester og førebudd trusopplæringsiltak. Tårnagentane - som skulle hatt samling i dag - måtte bli utsett. Konfirmanttur til Røldal blei på tampen gjennomført - og var vellykka.
- På kyrkjegarden er no snøen borte og tele vekke. Kjetil held på med ulike prosjekt, Det er felt nokre trær og buskar/hekk. Dert er elles ein del fleire gravminne enn vanleg som har velta eller står skeive etter uvanleg telehiv.
- I kyrkja er teppet og limrester fjerna. I morgon vert det nye teppet montert av Ledaal teppeveveri
- Det har vore open kyrkje 3 torsdagar. Dette kjem Eli å halda fram med til påske.

- I administrasjonen jobbar me med årsmelding, ferdigstilling av rekneskap, festeavgift, stellister osv
- Årets budsjett er stramt. Rammeoverføringane er mindre - utgifter mogleg litt større i 2021. Inntektene frå kollektar blir også mindre enda ei stund framover. Det er jo budsjettert med betydeleg bruk av ubundne fond - men skal prøva å halda oss til budsjettet.

Sokneprest:

- 22.03.2020 blei første digitale gudstenesta strøyma i Fitjar. Fitjar var tidlig ute med dette i Norge. Takk til Jan for stor innsats for å få dette til.
- Nattverdssamling er gjennomført
- Neste kyrkjelydsblad kjem før påske
- Gledeleg at det er høve til 50 personer i gravferd

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande

Anne Marie løftar fram Tentreff fredagar og generelt godt ungdomsarbeid ved Randi og Roald

Sak 2021/19 Konfirmasjonsgudstenester i 2021

Soknerådet handsama sak om tidspunkt for konfirmasjonsgudstenester i møtet 18. februar d.å. Etter ei månad med til dels forverring av pandemien er det naudsynt å vurdere om smittevernsituasjonen krev justering av vedtaket. Ulike sider og innspel vart drøfta.

Vedtak:

På bakgrunn av utvikling i smittesituasjonen vurderer soknerådet det mest føremålstenleg at konfirmasjonsgudstenestene blir utsett til 4. og 5. september.

Sak 2021/20 Lokal grunnordning for gudsteneste og gjennomføring soknemøte

Etter at Den norske kyrkja sitt arbeid med revisjon av gudstenestebøkene er avslutta, og Kyrkjemøtet har vedtatt endringane, skal Fitjar soknerådet vedta ei revidert lokal grunnordning for gudstenester i eiga sokn. Grunnordninga gjeld hovudgudstenesta søndagar.

Arbeidet med lokal grunnordning er hos oss delegert til gudstenesteutvalet, som no har utarbeida framlegg til vedtak. Framlegget var ikkje klart til å bli lagt fram for soknerådet i dette møtet

Herman orienterte om forslaget, som ikkje har store endringar i høve gjeldande grunnordning. Vedtak om godkjenning kan soknerådet gjera etter at forslaget er lagt fram for eit soknemøte der kyrkjelyden har fått høve til å koma med fråsegn.

Soknerådet bør ta stilling til korleis dette soknemøtet skal gjennomførast under pandemi. Vanskeleg med praktisk gjennomføring innan fristen som er sett av biskopen–pinse 2021

Vedtak:

Soknerådet takkar gudstenesteutvalet for arbeid med lokal grunnordning. Arbeidsutvalet får fullmakt til å førebu og kalla inn til soknemøte der forslag til ny lokal grunnordning kan leggest fram. Soknerådet sluttar seg til at soknemøte vert gjennomført etter årsmøte, så snart som mogleg etter oppheving av lokal pandemiforskrift, venteleg etter 09.04.2021.

Sak 2021/21 Årsrapport 2020

Etter å ha fått inn opplysningar frå ulike arbeidsområda i soknet har kyrkjevevja no sett saman årsrapport. Den er lagt opp etter same mal som den som me har brukt dei siste åra. I utkastet som er sendt til soknerådsmedlemene, har me ikkje fått på plass bilde, og det er ikkje lest endeleg korrektur. Rekneskap for 2020 er heller ikkje klar/revidert. Dette vil me på kyrkjekontoret arbeida vidare med før årsmeldinga skal leggjast ut til offentleg ettersyn. Det er fint om soknerådet kan sjå gjennom teksten i årsmeldinga og koma med kommentarar på eventuelle endringar som bør gjerast. Årsmeldinga skal liggja ute til offentleg ettersyn i minst to veker før årsmøte i kyrkjelyden. Tidspunkt for årsmøte er sett til søndag 25. april etter gudstenesta i Fitjar kyrkje.

Framlegg til vedtak:

Gjennomføring av årsmøte 25.april føreset oppheving av lokal forskrift ved pandemi, etter planen 9.april. Soknerådet sluttar seg til utkast årsmeldinga som er lagt fram, med ein generell merknad: -Ein ynskjer tydlegare framstilling av statistikk med samanlikning av tidlegare år
Revidert utkast blir å senda ut til medlemmene for kommentar rett over påske

Sak 2021/22 Open post

- Oppnemning av medlemer i misjonsutvalet: Ein har forslag til to nye medlemmer men dei har ikkje formelt takka ja til oppgåva. Misjonsutvalet konstituerer seg sjølve.
- Fitjar kyrkje i Påska
 - Open kyrkje, Svein spør Eli
 - Gudstenester blir strøyma
 - Soknerådet ynskjer det på alle gudstenestene i påsken blir oppmoda om å kontakte eit eller fleire medmenneske, om å vise omtanke for andre i praksis.
- Innspel til saker neste møte
 - Finne nok ressursar til strøymetenesta

Fitjar, 18.03.2021

Svein Lunde
soknerådsleiar

Sigrid Fangel
referent